

# Klepp held fram som Trygt lokalsamfunn

– Store pengar og mykje liding kan sparast på å jobba systematisk med å førebyggja skader, seier Eva Jakobsson Vaagland i Skadeforebyggende forum.

**GODKJENT:** I starten av kommunestyremøtet måndag overrekte leiaren av Skadeforebyggende forum det synlege beviset på at Klepp har fått ny godkjenning som Trygt lokalsamfunn.

– Det er fornuftig på alle måtar å jobba systematisk med å førebyggja skader. Det er god økonomi for kommunen, og det er viktig for livet til den enkelte. Me er stolte av å vera sertifisert som Trygt lokalsamfunn, seier ordførar Ane Mari Braut Nese til Jærbladet.

Kommunen gjekk gjennom nålauga i 2002, og fekk ny godkjenning i 2010. No får dei sertifikatet for tredje gong.

## – Imponert og inspirert

Dagleg leiar Eva Jakobson Vaagland i Skadeforebyggende forum brukte heile måndagen på besøk i Klepp, for å sjå på arbeidet som kommunen gjer med å førebyggja skader.

– Eg er imponert og inspirert, var Vaagland si korte oppsummering.

– Eg vil gratulera innbyggjarane i Klepp kommune, som har politikarar som er så kloke at dei set fokus på førebyggjande arbeid. Skadar kostar samfunnet så store

## Fakta

### Trygge lokalsamfunn

- Eit verktøy som set i system kommunane sitt arbeid med å førebyggja ulukker. Modellen er internasjonal, og vert i Norge forvalta av organisasjonen Skadeforebyggende forum.
- 30 norske kommunar er sertifiserte, Klepp er den einaste i Rogaland.

pengar, og den enkelte så mykje liding, at me har ein moralsk plikt til å prøva å førebyggja, sa Vaagland i kommunestyret.

I Norge må 600.000 menneske til medisinsk behandling etter ulukker kvart år. Barn og eldre er mest utsette.

– Viss Klepp er omtrent som andre norske kommunar, vil 160 personar herfrå oppsøka lege kvar månad på grunn av skader. 16 av dei vert lagt inn på sjukehus. 50 av dei 160 skadane oppstår i heimen, fortalte Vaagland.

– Klepp vil ha 20-21 hoftebrot per år. Eit hoftebrot kostar i gjennomsnitt 500.000 kroner i helsehjelp og rehabilitering, og kommunen ber halvparten av kostnaden. Så det er store summar å spare på det fallførebyggjande arbeidet de har sett i gang, sa Vaagland.



**DIPLOM:** Dagleg leiar Eva Jakobson Vaagland (t.v.) i Skadeforebyggende forum gjev Klepp-ordførar Ane Mari Braut Nese det synlege beviset på at Klepp på ny er godkjend som Trygt lokalsamfunn. FOTO: ÅGE BJØRNEVIK

## Førebyggjer fall og trafikfare

Agnes Lea Tvedt, koordinator for Trygge lokalsamfunn i Klepp, fortel at dei for tida satsar særleg på to prosjekt, eitt for unge og eitt for eldre.

Blant dei eldre handlar det særleg om å førebyggja fall. Arbeidet handlar mellom anna om å finna og utbeta stader der det er risiko for fall. Gjennom Frivilligsentralen sørgjer også kommunen for at eldre får tilgang til gratis strøsand. Trening er også viktig

for å redusera risikoen for fall, og leiaren frå Skadeforebyggende forum fekk vera med til Skulehagen, der kvardagsrehabilitering i Klepp kvar veke arrangerer open trening.

Blant dei unge satsar Klepp kommune for tida særleg på trafikktryggleik. I fjor gjennomførte kommunen ei stor barnetråkk-registrering, der alle 5.- og 9.-klassingane registrerte sine daglege gå- og sykleruter. Som ledd i dette fekk dei unge også i

oppdrag å seia noko om kor dei synest det er trafikkfarleg.

– Me fekk inn mykje interessant informasjon. Noko har me teke tak i allereie, andre ting legg me planar for. Når det gjeld trafikk, jobbar me også med å verta sertifisert som Trafikksikker kommune, i samarbeid med Trygg Trafikk, fortel Agnes Lea Tvedt.

**Åge Bjørnevik**  
abj@jbl.no

## Kom og prøvekjør!

12. - 14. februar åpent til kl. 20.00

15. - 16. februar åpent til kl. 18.00

2WD fra 403.900,-\*    Privatleie 3.752,-/md\*  
AWD-i fra 444.700,-\*    Privatleie 4.151,-/md\*

## Nye Rav 4 FWD

HELT SUV. HELT HYBRID.

Navnet er det samme. Ikke har det skjedd så mye med prisen heller. Men når det gjelder design, kjøreegenskapersikkerhetsløsninger, komfort og kraft er nye RAV4 nettopp det: NY.



TOYOTA

ALWAYS A BETTER WAY



**HYBRID**

\*Inklusive frakt, full tank, opphengsdetaljer dinitrolbehandlet, lev.og reg. omk. 16.500,- RAV4 Active 2WD: Startleie/etabl.gebyr 65.490,-. Totalt 200.552,-. 3 års blindingsstid, kjørelengde 45 000 km. Kampanjerente 1,95%



\*\*Gjelder privatleie og kontrakter inngått fra 18.1.19-30.3.19. Utslipp og forbruk: fra 0,45 l/mil, fra 102 g/km CO2, fra 2,1 mg/km NOx. Avbildet modell kan ha ekstrastyr. Vi tar forbehold om trykfeil.

## Toyota Sørvest AS

toyotasorvest.no

Vestre Svanholmen 9-11

4313 Sandnes

Tlf: 51 82 25 00

Nyhet! I uke 8 åpner vi nytt salgskontor på Mariero og du kan glede deg til 2020, da åpner vi kontoret på Bryne.